

# ÅRSMELDING

2015

FOR



**Hognestad Idrettslag**



# ÅRSMØTE 2016

Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad forsamlingshus  
onsdag 24. februar kl. 20.00

## Sakliste:

1. Godkjenning av dei med røysterett.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar.
3. Val av:
  - a) møteleiar
  - b) referent
  - c) to representantar til å skrive under møteprotokollen.
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Innkomne saker:
  - Godkjenne ny lov frå Noregs Idrettsforbund.
  - Styret i Hognestad Idrettslag har myndigheit til å ta opp lån og forvalta eigedommen.
  - Bygge klubbhuset. Byggekomiteen er entrepenør på vegne av styret.
7. Kontingent
8. Budsjett
9. Organisasjonsplan
10. Val

Utdeling av blomar, diverse.

Me vil ut over dette minna om NIF si lov ved val/oppnemning sjå  
[www.idrett.no/tema/lover](http://www.idrett.no/tema/lover).

Med venleg helsing

Styret

# Årsmelding

## Rapport frå hovudstyret:

Styret har i 2015 hatt denne samansetjinga:

Leiar: Eyvind Time

Nestleiar/trim: Zofia Nedrebø

Kasserar: Lisa Seel

Sekretær: Karen Hognestad Liland

Turn: Hege Haugland Byberg

Fotball: Inger Marie Stensland

Styremedlem 1: Kristian Hognestad

Styremedlem 2: Per Jone Bakker, trakk seg i november 2015.

Vara: Jarle Skretting

Hognestad Idrettslag har hatt eit innhaldsrikt og godt år. Me hadde 226 aktive og 100 passive medlemmer i 2015. Av desse var ca. 150 turnarar og 50 fotballspelarar. I tillegg har idrettslaget eit trimlag for innebandy, me arrangerer idrettsmerketaking og turmarsjar. Me har hatt 10 styremøte og det er bokført 50 saker.

Det største prosjektet me er i gang med dette året er nytt klubbhus. Teikningane er klare, kommunestyret har vedteke at me får midler så lenge me tek over anlegget. Det har me sagt oss villige til, og mykje av det formelle kring prosessen er godt i gang. Det har vore to ekstraordinære årsmøter, eit i 2/6-2015 og eit 6/12-2015 der fleirtalet stemte for nytt klubbhus og overtaking av anlegget (sjå vedlegg). Me har drive med lobbyvirksomheit på gruppemøter og hatt litt ekstraarbeid for å få dette i gang. Det har vore ein lærerik prosess og me kjem nok til å lære mykje i året som kjem. Det viktigaste er at folk flest i krinsen er positive til prosjektet og støtter oss i avgjerda. Målet er å bygge klubbhuset i løpet av 2016.

Hognestad-dagen var den 22. august. Vêret på dagen var godt, nytt av året var barnaløp med startnummer. Det var ein suksess og me kjem til å ha nye løp på neste Hognestad-dag. Det var fotballkampar der dei aldersbestemte laga våre fekk visa seg fram og me delte ut smooties til alle fotballspelarar var innom. Stemningen var god, mykje folk var innom og Hognestad IL fekk visa seg på ein god måte. Det store teltet var sett opp for å husa Hognestadnåttå om kvelden, Sølve Sikveland var nede fleire gonger for å sikra teltet mot vinden før sjølve dagen og me har konkludert med at teltet syng på siste vers. Håpar det kan husa 10 års jubileumsfesten for bygdacupen i august 2016. Då er det ein eigen festkomite som skal stelle i stand fest og ikkje dei som vann bygdacupen, som var Haugland, igjen!

Festen om kvelden sørga dei Haugland for, med litt support får styret. Det gjorde dei på ein skikkeleg måte. Mat frå slaktar Skretting, band og bar. Kan me ha det kjekkare?

Utanom denne dagen har HIL arrangert turnavslutningar, fotballavslutningar, St.Hans, , pølsepub med åresal og romjuls pub med gløgg og spekemat. Alle med godt oppmøte og god stemning. På juleturnavslutninga var det over 500 stk i hallen. Dette året prøvde med noko nytt. Tribuner på den eine sida slik at turnarane opptredde midt i hallen. Grøten blei erstatta med kakemenn frå Nærbø bakeri og konditori, pepperkaker, mandariner, saft og kaffi. Inngangspenger frå alle vaksne dekkja dette og me syntest at dette var eit vellukka arrangement. Etterpå var det tenning av julegran, gang rundt treet og nisse med litt snop i sekken. (FAU stiller med tre, HIL med nisse). Fleire av ungane på turnen kjem frå Time, Klepp og Hå. Foreldra var imponerte over kor kjekk avslutninga var.

Ein stor takk må rettast til alle som har gått dugnad for idrettslaget. Under Jærdagshelga er det mange som stiller opp og går sine vakter. Me er inne med vakter på traktorpullingsfesten og me har ein dugnad for Volvo, der me sel mat og drikke på arrangementet. Dugnad er både god reklame og verdifulle pengar for klubben, og me håpar at alle stiller på dugnad neste år óg.

I februar 2016 skal me har konsert og diskotek for ungar på Jæren og fest om kvelden. Dette kom me på i forbindelse med at hallen har 10 års jubileum og idrettslaget har 40 års jubileum i 2016. Me håpar at dette arrangementet vil bidra med gode pengar til HIL som treng alt dei kan få framover.

Lubrinor ved Kjell Hognestad har sponsa det eldste turnpartiet med 10 000 kr i tre år. Det kjem godt med for turnarane våre. Me vil og takka Bryne Kro og Hotell for ein god middagsavtale som gjer at me kan takka dei frivillige som på dugnad får idrettslaget til å gå rundt.

Mange timar er lagt ned for at barna som går på turn og fotball skal få trene, kjenna seg medrekna og bli sett. Styret vil retta ei stor takk til alle trenarar, medlemmar i dei ulike utvala og foreldre og barn som vel Hognestad som sitt idrettslag.

Til slutt takkar me annonsørar, sponsorar og alle andre som på ein eller annan måte har støtta opp om idrettslaget vårt. Me håpar på eit godt samarbeid vidare og oppmodar alle medlemmane våre til å kjøpa varer og tenester som dei kan tilby.

Takk for i år!

-Styret-



**LARS OHMA**  
Oma, 4340 Bryne  
Tlf. 51 48 71 45 - Fax 51 48 77 40  
Mob. 905 05 712 - lars@robin.no  
Org. nr. 970 387 471 MVA



**VEKTEK** Registrert Elektroinstallatør

Gartneri Hagesenter Landbruk Industri Private

Tlf.: 51 31 93 00 Fax: 51 31 93 33 Vakt tlf.: 906 56 940  
post@vektek.no www.vektek.no Grødelandsv. 369a, 4343 Orre



**RISA**

**Skaff deg større alburom**

Vi hjelper deg med påbygg, tilbygg og renovering. Ring **51 77 91 91** eller **934 35 285**, og be oss ta hånd om hele prosessen. Sjekk [www.byggelaget.no](http://www.byggelaget.no)



**Byggelaget**



HAUGLAND  
GARDSBARNEHAGE

Hans Petter  
**SÆRHEIM**  
GRAVING & STEINLØING  
Mob. 930 16 390  
Fosse, 4340 Bryne • e-post: hps@tage.no



e i k h i



Klepp Kiropraktikk  
& Fysioterapi

- Kiropraktor Terje Nesse
  - Fysioterapeut Ørjan Lie
- Telefon: 51 42 14 50

**BRYNE RØR AS**

Aut. Rørleggerfirma  
Skulegt. 9, 4340 Bryne

Telefon 51 77 82 00  
Telefax 51 77 82 11

Internett: [www.bryneror.no](http://www.bryneror.no)  
E-mail: [post@bryneror.no](mailto:post@bryneror.no)

**Johansen Elektriske as**

Arne Garborgs veg 53  
Postboks 510, 4349 Bryne  
Telefon: 51 48 01 01  
Telefaks: 51 48 35 90  
[www.johansen-elektriske.no](http://www.johansen-elektriske.no)

**PEDER ERGA**  
TRANSPORT SANDTAK Ans

Tlf: 51 48 60 47 - Mob. 909 44 444  
Fax: 51 48 60 53 - Pri. 51 48 12 90



BRYNE KRO & HOTELL

## Turngruppa

<b>Parti</b>	<b>Antall</b>	<b>Trenere</b>
Foreldre Barn	7	Rullerer blant foreldrene
3 – 4 år	25	Elisabeth Steinsland, Malin Paulsen, Elida Paulsen Salte
5 – 6 år	38	Mari Steinsland, Kaia Fosse, May Hege Lye, Elida Paulsen Salte
7 – 9 år	35	Elisabeth Steinsland, Jens Haugland, Malin Paulsen, Eila Stivimoen, Mari Steinsland
10 – 13 år + konkurransesgruppe	47	Henrik Samuelsen, Mike Andre Kristiansen, Hege H Byberg



Eit nytt år er i gang, og turnen har starta opp igjen etter ein god juleferie. Nokon av dei største turnarane var ikkje heilt klar for å ta ferie så dei heldt treninga i gang heilt til 22. desember.



Den tradisjonelle juleavslutning var i år også ein stor suksess. Sjølv med ein ny vri, kom mykje folk. Heile 500 stykk inkludert turnarar og trenere møtte opp. Det er gildt å sjå at idrettslaget trekkjer mykje folk. Trenerane hadde i år også vore flinke til å laga flotte oppvisningar.



Turnåret har vore innhaldsrikt, med mykje god aktivitet i hallen. Samt har det vore treningshelger for dei eldste , og barnas turnfestival for dei litt yngre.





Me går inn i eit nytt år med mykje gilde aktivitetar framføre oss.

Takk til alle som er med på å bidra til det gode turnmiljøet på Hognestad!

Hege



*BoligPartner* 



## FOSSE MEKANISKE

Rep.av traktorer og redskaper.  
Forhandler av *SUNOCO* oljer og vaske / avfettingsmiddel.

Endre Fosse  
Fosse  
4340 Bryne



Tel. 51 48 47 95  
Mob. 907 42 902  
Fax. 51 48 47 96

Veien til bedre økonomisk styring

**Jæren**  
REGNSKAP

Tlf. 51 78 86 50  
Fax 51 78 86 51  
E-mail post@jaeren-regn.no

Plages du med  
**MAUR, MÅRR, VEPS  
ELLER MUS?**

Tidligere  
Actum Rogaland



SKADEDYRSERVICE

Gratis kontroll: Ring 51 43 22 66 eller 07007

## Maria Schei

Storgata 25  
4340 Bryne  
Tlf. 92 65 30 40

**KNUST ELLER PUNKTERT RUTE?**

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS



**Einar**

**Knutsen as**

**GLASSMESTEREN PÅ JÆREN**

**TLF. 51 48 02 11 • DØGNSERVICE 971 78**

Salg og reparasjon av landbruksmaskiner.

**CLAAS**  
**VALTRA**

Torland Maskin



Torlandsveien 190, 4365 Nærbø, telefon 915 46 811

*Tannlegene*  
MNIF

**ODDVAR BRAUT  
KNUT MAULAND**

## Fotballgruppa

### Gutar og Jenter 6 år

Me fekk ein litt brå start på sesongen i mai, men klarte å stable eit lag på føtene med 7-8 spelarar gjennom heile sesongen. Det har vore stor framgang og mykje entusiasme på laget. Alle har vore ivrige på trening og kampar. Me fekk med oss 4 turneringar undervegs og er kjempe godt nøgde med sesongen. Sesongen blei avslutta med ein ettermiddag på «Leos lekeland».

Me gler oss til eit nytt år og ein ny sesong!

John, Geir Magne og Aina.



### Jenter 7 år

*Hognestad har endeleg eit jentelag igjen.*

På Hognestad Skule går det 7 jenter født i 2008, me tykkjer det er veldig kult at alle desse jentene spelar fotball. No er vår alle fyrste sesong ferdigspelt, og me ser tilbake med smil på mange spennande kampar som alle har hatt eit innhald av fine Hognestadscoringar, gode pasningar, viktige redningar og faktisk ei og anna finte. Me har vore med på 4 velorganiserte turneringar. Sesongen vart avslutta med pizza, filmkveld, fellesovernatting i ei hagestova, frokost og ein strålende dagstur til Dalsnuten. Takk for ein fin sesong, me gler oss allereie til 2016.

Jette & Tone





Gut 7 år

G7 starta sesongen med 5 gutter, og fekk etter sommaren og med ein ny flott spelar! Me har heile sesongen fått god hjelp av den herlege gjengen fra G8 laget:) Laget har hatt god utvikling, og ekstra stas er det med pokalar og medaljar. Det er ekstra gildt med dei flotte turneringane me har fått vera med på! Me gler oss til fortsettinga, og går mot nye bragder med friskt mot😊



## Gutar og jenter 8 år

G/J 8 har hatt ein kjempegod sesong med ivrige og flinke spelarar og engasjerte foreldre på sidelinja☺ Denne sesongen har me vore 9 spelarar på laget. Me har hatt eit samarbeid med G7, som har lånt spelarar av oss til kampar. Me har delteke på 4 turneringar og spelt kampar på onsdagar. Den siste turneringa var Tigercup i Eigersund i september. Fantastisk kjekk turnering i nydeleg vêr! Fram til haustferien trente me ute, no trener me inne i hallen måndagar kl. 18-19. Me hadde ei kjekk avslutning på «Leos lekeland» saman med 5, 6 og 7 års laga. Takk til idrettslaget som spanderer dette på oss!

Eirik, Ingve og Ann Iren



**- Din lokale oljeforhandler for Jæren - 4362 Vigrestad**

Vi har tanker på lager klare for levering. Vi selger også brukte tanker  
For mer info besøk vår nettside [www.jaerenolje.no](http://www.jaerenolje.no) eller tlf. 982 00 000

# REMA 1000

**Håland 8-22 (9-20)**

G/J 9 og 10 år

Sesongen 2015 har vist mykje framgang i utvikling, spelarane har blitt eldre og har fått meir forståing for spelet som eit lag. Foreldre har heia fram begge laga som har spelt fleire gode og spanande kampar i mykje fint kampvêr. Denne sesongen har me delteke på fem turneringar, to før sommaren og tre kjappe etter sommaren. Me hadde treningshelg i vår, ei koseleg grillavslutning med Minimerket 2 før sommarferien og avslutta sesongen med ein kjekk kveld med bowling.

Etter sesongslutt har laga fått nye trenarar og me vil takka Oddbjørn og Tommy som har stått på og trent spelarane i fleire sesongar.

Nå gler me oss til enda meir av det gode fotballmiljøet i neste sesong.

Heia Hognestad!!



**EiendomsMegler 1**



## Gut 12 år

29. september 2015 kom Klebe til Hognestad si flotta grasmatta for å spela siste seriekamp for årets sesong. Hognestad hadde ein heilagjeng som gjorde dette til ein festleg kamp. Bannere og instrument gjorde at stemninga var eksentrisk. Trenerane stilte i dress og me hadde litt «champions league» stil på bondelandet. Kaffi blei delt ut til dei oppmøtte og etter kampen var det pølse og brus til samtlege.





Gutane har hatt eit fint år. Det er eit godt sosialt miljø og dei har hatt mange kjekke treningar. Me var i Flekkefjord på turnering i byrjinga av juni og der koste dei seg skikkeleg både på og utanfor banen. Me var så heldige at me fekk overnatta på hytta til Olav sin morfar og der hadde me det veldig godt. Kathrine, Sissel og undertegnande bidrog til at dei fekk i seg næring i tillegg til alt digget dei hadde med. Takk for lånet av hytta!

Grunnen til at dette er aller siste kamp for gutane i brune trøyer for denne gong, er at me ikkje kan stilla med lag som gut 13 og nierfotball. Me er for små til det. Nokre har derfor byrja på Bryne og andre har lagt fotballskoa på hylla. Lykke til med alt vidare gutar, så må dokker hugsa at det er eit nystarta A-lag på Hognestad som treng dokker seinare.

Tusen takk til dei unge og kjekke trenarane som har stilt opp i tjukt og tynt. Det er godt at Jens og Simen fortsatt er med i klubben og brukar tida si i idrettslaget, dokker er gode førebilete.

Takk for nå og heia Hognestad!

Karen



**STEINSLAND & CO**



## A-laget

I 2015 har gode sjeler lufta tanken om at dei ville starta med A-lagsfotball på Hognest. Gamal storheitstid skal verta erstatta av ny. Jens Haugland starta ei side på fjesboka, og ballen byrja bokstaveleg å trilla. Treningane starta opp i sommar, med varierende oppmøte. Underteikna blei spurt om å vera med som trenar, og takka sjølvsagt ja. Med meg får eg Hadle Haugland frå slutten av året. Han kjem frå stilling som trenar av eit juniorlag på Bryne, men det går nok godt! Kåre Hognestad vil fungera utmerka som oppmann.

I sommar og haust har me trena 2 gonger i veka på grasbanen. Jammen på tide at den gode banen vert brukt av talentfulle spelarar med brune trøyer igjen! Banen er heilt utmerka. Når haustkveldane blei for mørke på Hognest, flytta me treningane til kunstgrasbana på Svertingstad. Frå januar 2016 har me fått treningstider på Rosseland. På sikt er det snakk om å leggja treningssamlingar til England. Kanskje våren 2017?

Oppmøtet har tatt seg sakte men sikkert opp etter kvart, og no er me om lag 16 spelarar på kvar trening. Dette er stort sett karar som er busett i bygda. Dette vil utgjera den gode stammen i laget. I tillegg til desse kjem spelarane stort sett frå Bryne og Lye. Laget er påmeldt i 7. divisjon 2016, og skal og vera med i KVIA-serien i vinter/vår.

Langsiktig mål må vera å rykka opp, opp, opp!!! For å få dette til treng me god støtte frå bygda. Har nokon ein sponsor, eller ein rik slektning som ventar på det rette objektet å sprøyta pengar inn i? Ikkje la dei leita lenger.

Personleg håpar eg inderleg at me får til dette. Initiativet og treningsviljen som er vist, fortjener at dette lukkast. Me skal gjera vårt for at me til våren kan samlast på grasbana for fyrste seriekamp på mange år, der heimelaget har brune drakter. HEIA HOGNEST!!!!!!!!!!!!

For trenerstaben:

Lodve



## Damefotball

Sidan midten av oktober, har ein solid gjeng med treningsvillige «jenter og damer» spelt fotball i Hognestadhallen. Julefri var det ingen som ville ha, og me er litt imponerte over kor mange me er som stiller kvar måndag frå 19.30 – 20.30. Me rigga til og med ein fotballkamp mot ein gjeng får Nærbø i romjula.

Me kallar det «jente- og damefotball» fordi den yngste som møter er 22 år og den eldste er 47 år. Alderen skjemmer derimot ingen, den eldste er tidlegare Kleppspelar og ein av dei beste «play-maker'ane» å koma på lag med.

Og når me fyrst er inne på dette med nivå så varierer det frå nokre få som aldri har spelt fotball før, til ho som har vore fotballproff og vart olympisk mester i 2000 (spelt 95 A-landskamper og scora 49 mål for Noreg). Dette er likevel ytterpunktta, dei fleste som kjem på trening har spelt aldersbestemt fotball, nokre fortsette vidare på Klepp og Kåsen. Nivået har uansett lite å sei då me på førehand via ei eigen Facebook side melder oss på til vekas trening og ut i frå det, deler inn i jamne lag. Kvar og ein kjem opp i høg puls og kjenner garantert litt på blodsmaken i løpet av denne timen.

Mindre slit vert det ikkje når me går øve til Jette (B. Haagensen) si beinharde styrketrening. Medan Karen fiksar musikken, set Jette opp 8 stasjoner som me køyrer gjennom parvis, 30 sekund på kvar stasjon, 4 rundar. Det gjer vondt når ho «dreg» oss gjennom denne løypa, men det er nok få som ikkje kjenner endorfinane (lukkehormona) strøyma gjennom kroppen når dei står i dusjen om måndagskveldane.

Altså er dette solid og seriøs trening som gjer ein pangstart på veka, men det er ikkje å stikka under ein stol at det og er utruleg gildt og sosialt. For dei som er relativt nye i Hognestadbygda er dette ein fin måte å verta kjent med nye folk på, og for dei som har budd her i ei årrekke så er dette ein fin måte å verta kjent med dei nye på. At det faktisk er 18 jenter og damer frå bygda som diggar fotball tykkjer me er råkult, samtidig er det også utruleg kjekt å ha med dei 8 spreke frå periferien. Me reknar det og som positivt at me i 2016 vil bidra til å auka idrettslaget sitt antal aktivt betalande medlemmar.

Sjølv om me er ein travel og sporty gjeng som elles i veka har det meste av kalenderen fullbooka med jobb og ungar, har me har store planar om å få skvisa inne eit sosialt «vårtreff» utanfor hallen før sommaren innhentar oss.

Tone Steinsland 26.01.2016



# HÅLAND RØR AS



HÅLAND SØR, 4340 BRYNE  
Tlf.: 51 77 01 50



# coop obs! HYPERMARKED

M44 Bryne.  
Åpent 09.00-21.00 (19.00)



Vi holder til i  
Gamle BryneMek  
4340 Bryne  
Åpningstider:  
09.00 - 19.00  
Lør. 09.00 - 15.00



**Sigve DahlenMaskinstasjon**  
Ree, 4340 Bryne - Tlf. 900 12 827



# NEUMANN BYGG AS

HÅLAND VEST • POSTBOKS 293 • 4349 BRYNE

Telefon: 51 77 95 50



**BETONGELEMENTER**  
Driftsbygninger • redskapshus • grunnmur • yrkesbygg m.m

**HÅ ELEMENT A·S**  
Postboks 71, 4368 Varhaug • Tlf. 51 79 86 90



**Nærbø Rør og Elektro**

Tlf. 51 79 37 00

VAKTTELEFON ELEKTRO:  
977 67 070

**ALT INNEN  
VVS OG  
ELEKTRISKE  
INSTALLASJONER**



VAKTTELEFON RØR:  
930 19 400

*Alt i mat til hverd-  
ag og fest.*



Jærveien 502  
4352 Kleppe

**FARSTAD**  
*catering*  
JÆRVEGEN 502, 4352 KLEPPE

Klepp sentrum  
Tlf. 51 48 21 82

Fax. 51 48 19 52  
post@farstad-catering.no

DEKKETØY • KOLDTBORD • SNITTER • SELSKAPSARRANGEMENT • BRYLLUP • KONFIRMASJON



**BARNEKLÆR 0-14 ÅR - SKO - INTERIØR - LEKER**  
Tlf. 51 48 52 50



## Veterinærane Risa

Innringing før kl. 9.00. Tlf. 51 48 43 75

Jan Risa mob. 48118311

Svein Ove mob. 90022391

Jarl mob. 97163531

## SKRUDLAND FRISØR

**FOR HAN OG HENNE**

**Tlf. 51 48 28 58**

Åpningstider:

tirsdag 10.00 - 19.00 torsdag fredag 10.00 - 16.00

lørdag 09.00 - 13.00

mandag og onsdag stengt



**FJØSSYSTEMER**

VEST AS  
Bjørnhaug, 4365 Nærbø  
Tlf. 51 43 39 60 Fax. 51 43 48 66  
www.fjossystemer.no



## Innebandy

Torsdagar mellom 20:00 – 2130 er tida inne for å ta igjen for all trening som er forsømt den siste veka. Sidan denne tida i fjor, har seriøsiteten som tidlegare bare auka på forsvunne.

Nokon nye sjeler har også kome til det sista året, nokre karar frå Hå og ein internasjonal toppspelar frå Sverige. Dei blir seg som hør og bør for det mesta brukt som rundingsbøjer. Steinar hospiterer i ny og ne. Han var tilstede ved fotoshooten. Som vanleg klarer han ikkje sitje i ro og smile som oss andre, men måtte prøva dominoeffekten.





Denne kjernesunne gjengen kjem alle til å leva altfor lenge grunna stålkondis og andre biverknadar av iherdig innsats i hallen kvar Torsdag.

Hugs at alle mannfolk over 18 år er hjarteleg velkomne på innebandytrening i hallen Torsdagar 20:00-21:30

Tommy Hognestad Liland

### Idrettsmerket

Det var 10 sprekingar som gjennomførte idrettsmerket i 2015. Det blei arrangert merketaking på stadion 3 gonger, og så kreves det ein god del eigeninnsats. Nytt for i år er at alt skal først via nettet, det ordner me for dei som ikkje har mulegheit. Sjekk [idrettsmerket.no](http://idrettsmerket.no) for info.

Idrettsmerket er for alle, og i år hadde me eit aldersspenn på 59 år. Det er veldig kjekt, og ikkje høytideleg i det heila. Med det spennet på aktivitetar er det alltid noko som passer for alle. Vel møtt neste år!!

Mvh Zofia

# JÆRBETONG

**FOTLAND  
MASKIN  
GRAVING OG LØING**

**Kåre Fotland**  
Øygaardsholen 3, 4342 Undheim  
Tlf 51 48 42 15, Mobil: 907 98 003

**Påbygg, reparasjoner, salg av materialer.**



Kontakt



**Byggmester  
Leif Haugland**

Tlf. 51 48 75 20 – Mob. 90 52 16 93

*Rogaland Bildeler a/s*





## Marsjgruppa

Marsjgruppa har arrangert to marsjar i 2015. 47 deltok på sommarseriemarsjen 12. april. Det er ein stempelmarsj, og det er difor flest marsjfolk som går. Lykkemarsjen blei arrangert 16. august og hadde 116 vaksne og barn. Så mange har det ikkje vore sidan 2001. 70 prosent var frå bygda, så det var ein veldig god oppslutning frå Hognestadkrinsen. Det blei tomt for medaljar! Dette må me prøva å slå i 2016 når me skal gå Lykkemarsj 14. august frå kl. 9.00-11.30.

Me er godt nøgde med arrangementa og oppmodar alle til å ta seg ein marsj i ny og ne.

Marsjgruppa ved Geir Steinsland



## Banekomiteen

Grasbanen på Hognestad har vore veldig fin i 2015 sesongen, takk til Torbjørn og co. for godt arbeid. Banen blir for det meste brukt av Hognestad sine egne lag men også noko frå Bryne.

Det blir spennande med nytt a-lag på Hognestad, det blir nok meir trøkk på banen då.

Dette året har me fått spylt og fiksa på grøftene rundt fotballbanen samt skifta dekke på løpebanen mot byggefeltet.

Me går spennande tider i møte med bygging av nytt klubbhus og dersom me skal overta anlegget blir det meir arbeid på idrettslaget til drift av anlegget.

Jarle, Håvard og Ola, alle Haugland

## Hognestad forsamlingshus

Faste leigetakarar av forsamlingshuset har for 2015 vore Vibå 4H, Marsjen og Hopp og Sprett. Idrettslaget har også nytta huset til diverse og ikkje minst til dei to godt besøkte kveldane med «Pølsepub med åresal» og «Romjulspub». I tillegg har huset blitt leigd av private til bursdagar og andre feiringar. Total har huset vore i bruk ved omlag 50 anledningar.

Kontaktperson for leige av huset har vore underteikna, og det vil det være også neste år. Nytt av året er at det har blitt installert automatisk straummålar, så på den fronten er huset heilt topp moderne.

Styret i idrettslaget ved Kristian Hognestad

**JKE Transport**

JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORT AS

Skjærpevegen 3 • 4342 Undheim



**Skrudland Bygg**

Tlf. 93 03 51 07



TLF: 51 48 02 83  
FAX: 51 48 03 17  
POSTBOKS 304. 4341 BRYNE

**AARBAKKE**

**Syhjelpa**

Astri Haaland, Herigstadvegen 82, 4346 Bryne.

Opningstid: tysdag - fredag kl 10.00 - 15.00

Anna tid etter avtale. Mobil 909 40 267

**Stensland Byberg**

## **Verv 2015**

Leiar: Eyvind Time  
Nestleiar/Trim: Zofia Nedrebø  
Kasserar: Lisa Seel  
Sekretær: Karen Hognestad Liland  
Turn: Hege Haugland Byberg  
Fotball: Inger Marie Stensland  
Styremedlem 1: Kristian Hognestad  
Styremedlem 2: Per Jone Bakker, trakk seg i november 2015  
Varamedlem: Jarle Skretting

### **Bladstyret:**

Tom Hetland  
Irene Paulsen Salte  
Jorunn Erga Steinsland  
Lodve Haugland

### **Husstyret:**

Kristian Hognestad

### **Revisor:**

Jon Laland  
Grethe Oma

### **Banekomite:**

Ola Haugland  
Jarle Haugland  
Håvard Haugland

### **Marsjgruppa:**

Geir Steinsland  
Steinar Paulsen  
Sonja Skårland  
Heidi Line  
Geir Fosse

### **Materialforvaltar:**

Elin Haugland

### **Ansvarleg for bua:**

Anne Oftedal

### **Sponsoransvarleg:**

Kjetil Friestad

### **HIL sin representant i 17. maikomiteen:**

Ingunn Oma

### **Valkomiteen:**

Sveinung Paulsen  
Jon Line  
Kathrine Haugland

## Rekneskap /Budsjett


### RESULTAT 2015

	<u>Noter</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>	<u>Budsjett 2016</u>
<b><u>Inntekter</u></b>				
Salgsinntekt	2	235 603	223 341	202 000
Sponsorinntekter		172 210	172 400	150 000
Offentlig tilskudd, refusjon	3	159 781	143 838	150 000
Leieinntekt		17 600	13 760	15 000
Medlemskontingent	10	153 170	112 450	150 000
<b><u>Sum inntekter</u></b>		<b>738 364</b>	<b>665 789</b>	<b>667 000</b>
<b><u>Kostnader</u></b>				
Innkjøp av varer, tjenester		102 643	67 753	60 000
Varer for videresalg	4	33 535	24 000	0
Lønn trenere / vaskehjelp		125 915	91 503	95 000
Elektrisitet		13 388	14 846	15 000
Kostnader forsamlingshus		6 069	7 280	8 000
Idrettsutstyr	7	54 507	56 029	40 000
Reparasjon & vedlikehold	5	59 311	92 396	65 000
Regnskapshonorar	6	40 822	19 639	25 000
Kontorrekvisita, trykkrekvisita, ....		43 472	39 366	40 000
Porto		966	4 422	4 500
Reklamekostnad, annonser		3 884	2 733	5 000
Kontingenter, lisenser, gaver		70 760	65 875	65 000
Forsikring		27 564	27 011	28 000
Annen kostnad: Servering, representasjon, gebyrer		20 549	4 710	0
<b><u>Sum Kostnader</u></b>		<b>603 385</b>	<b>517 563</b>	<b>450 500</b>
Renteinntekter		24 429	35 754	10 000
Rentekostnader		0	0	150 000
<b><u>Årsresultat</u></b>		<b>159 408</b>	<b>183 980</b>	<b>76 500</b>

## BALANSE 31.12.2015

	<u>Noter</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
<b><u>EIENDELER</u></b>			
Kundefordringer	8	26 665	45 346
Avsetning tap på fordringer	9	-4 500	-4 500
Kontanter / Bankinnskudd		1 794 268	1 636 903
<b><u>Sum eiendeler</u></b>		<b><u>1 816 433</u></b>	<b><u>1 677 749</u></b>
<b><u>EGENKAPITAL OG GJELD</u></b>			
Opptjent egenkapital		1 601 934	1 417 954
Udisponert resultat		159 409	183 981
<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 761 343</b>	<b>1 601 935</b>
Leverandørgjeld		17 284	25 936
Skyldige offentlige avgifter		37 806	49 878
<b>Sum gjeld</b>		<b>55 090</b>	<b>75 814</b>
<b><u>Sum egenkapital og gjeld</u></b>		<b><u>1 816 433</u></b>	<b><u>1 677 749</u></b>


### Styret Hognestad Idrettslag:


  
leder  
Eyvind Time


  
nestleder  
Zofia Nedrebo

  
kasserer  
Lisa Seel

  
sekretær  
Karen Hognestad Liland

  
turn  
Hege Haugland Byberg

  
fotball  
Inger Marie Stensland

  
styremedlem  
Kathrine Mauland

### Revisorer:

.....  
Grethe Oma

.....  
Jon Laland

Sted:

Dato:



## Noter til regnskapet:

### Note 1: Regnskapsprinsipper

2015-regnskapet følger kalenderåret.

Regnskapet er ført etter Regnskaps- og revisjonsbestemmelser for små organisasjonsledd tilsluttet Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité vedtatt av Idrettsstyret 28.11.2007.

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer ved leveringstidspunktet.

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Ingen varige anlegg er oppført i balansen. Verdien skal ifølge regnskapsbestemmelsene til NIF ikke settes høyere enn den gjeld som er knyttet til anlegget, dvs. null.

### Note 2: Salgsinntekt

<b>Salgsinntekt</b>	<u>2015</u>
Salgsinntekt Hognestadhelgå	48 996
Salgsinntekt pub	30 607
Salgsinntekt turnavslutninger	37 522
Salgsinntekt bu fotballbane	12 049
Salgsinntekt turmasj	6 385
Salgsinntekt refleksester (33 stk. ) / luer (128 stk.)	21 675
Dugnadsinntekt avg. pl.	48 196
Uttak av varer	16 893
Diverse inntekt (egenandel Barnas Turnfestival, ...)	13 280
<b>SUM</b>	<b><u>235 603</u></b>

### Note 3: Tilskudd

	<u>2015</u>
Tilskudd NIF	123 227
Grasrotandel	32 677
Rabatt på frukt (BAMA)	3 877
<b>SUM</b>	<b><u>159 781</u></b>

### Note 4: Varer for videresalg

Kjøpt refleksester og luer for videresalg.

### Note 5: Reparasjon og vedlikehold omfatter følgende

- arkitektkostnader nytt klubbhus
- nøkler til hallen

Fortsettelse: Noter til regnskapet ...

**Note 6:** Regnskapsfører

Vi bruker Time Rekneskapslag.

**Note 7:** Idrettsutstyr:

- turn: turndrakter
- fotball: fotballdrakter

**Note 8:** Fordringer

Kundefordringer inkluderer både fordringer mot sponsorer og noen som har lånt forsamlingshuset.

**Note 9:** Avsetning tap på fordringer

Etter en vurdering av kundefordringene har vi avsatt 4500 kroner for tap på fordringer.

**Note 10:** Medlemmer

Per 31.12. var det 365 medlemmer.

Medlemskontingenten for 2015:

Foreldre & Barn:	kr 400	(Barnet blir regnet som medlem)
Barn:	kr 500	
Voksen:	kr 650	
Styre / Trener:	kr 0	
Støttemedlem:	kr 300	

**INTERSPORT<sup>®</sup>**  
**BRYNE**

Hognestad idrettslag har avtale med Intersport.  
Alle medlemmer i klubben får derfor  
25% AVSLAG PÅ KLUBBKLEDER, OG  
10% AVSLAG PÅ ALLE ANDRE VARER.  
Alt du trenger å gjøre er å gi beskjed i kassen  
når du handler.

**BLI STØTTEMEDLEM AV  
HOGNESTAD IDRETTSLAG!**

Me har ledige plasser som støttemedlem.  
Betal 200,- til konto 3325.20.70368, og merk  
betalinga med navn og adresse.  
For dei som bur utanfor krinsen er dette også  
måten å få tilsendt vårt lagsblad på.

**Nils Oma**  
maskin / 951 40 764



**Kverneland Bil**  
Vi tar ansvar!  
**BRYNE**

## Innkomne saker

1. Oppdatering av ny lov frå Noregs Idrettsforbund.
2. Styret i Hognestad Idrettslag har myndigheit til å ta opp lån og forvalta eigedomen.
3. Bygge klubbhuset. Byggekomiteen er entrepenør på vegne av styret.

### **Ad.pkt. 1 Oppdatering av ny lov frå Noregs Idrettsforbund.**

Alle idrettslag/klubbar er pålagt av Norges idrettsforbund å oppdatere lov på årsmøtet 2016, sjå vedlagt lov. Loven skal behandlast som første sak under innkomne forslag. Ein fyller ut stiftelsesdato, kva for eit idrettsråd og særforbund ein er tilslutta. Antall styremedlemmar og vara.

### **Ad.pkt. 2 Myndigheit til å ta opp lån og forvalta eigedomen.**

Styret i Hognestad Idrettslag vil ta opp lån for å realisera klubbhuset og dei må ha fullmakt til å forvalta eigedomen på ein måte som dei finn best muleg.

### **Ad.pkt. 3. Nytt klubbhus**

Styret i HIL må få årsmøte til å godkjenne bygging av nytt klubbhus etter dei teikningane som ligg ute. Byggekomiteen har fullmakt frå styret til å vera entrepenørar av bygget.

## Kontingent

I dag er kontingenten 350 kr for Foreldre/barn (Her blir barnet rekna som medlem), Barn under 18 år 450 kr, Vaksne 600 kr og Støttemedlem 200 kr.

Styret sitt forslag til ny kontingent er å auke til 400 kr for foreldre/ barn, barn under 18 år til 500 kr, vaksne til 650 kr og støttemedlem til 300 kr. Styremedlemmer og trenarar skal betala vanleg kontingent og få kompensasjon for dette beløpet seinare.



Landbruksavdelinga  
Tlf. 51 79 11 40

# Val

## Valkomiteen si innstilling til årsmøtet 2016

Leiar:	Zofia Nedrebø	ny	1 år
Nestleiar/Trim:		ny	2 år
Kasserar:	Jan Arild Herredsvela	ny	2 år
Sekretær:	Karen Hognestad Liland	ikkje på val	1 år igjen
Turn:	Hege Haugland	attval	2 år
Fotball:	Inger Marie Stensland	ikkje på val	1 år igjen
Styremedlem 1:	Kathrine Mauland	ikkje på val	1 år igjen
Styremedlem 2:	Jim Helge Lomeland	ny	2 år
Varamann:		ny	2 år

### Annonseansvarleg:

Kjetil Friestad	ikkje på val	1 år igjen
-----------------	--------------	------------

### Bladstyret:

Tom Hetland	attval	2 år
Irene Paulsen Salte	ikkje på val	1 år igjen
Jorunn Erga Steinsland	ikkje på val	1 år igjen
Lodve Haugland	på kjøt	og flesk

### Revisor:

Jon Laland	ikkje på val	1 år igjen
Irene Grødem	ny	2 år

### Marsjgruppa:

Geir Fosse	ikkje på val	1 år igjen
Heidi Line	ikkje på val	1 år igjen
Geir Steinsland	attval	2 år
Sonja Skårland	attval	2 år

### Materialforvaltar:

Elin Haugland	tek ansvar i 2 år
---------------	-------------------

### Ansvarlig for buå:

Anne Oftedal	tek ansvar i 2 år
--------------	-------------------

### Banekomite:

Ola Haugland	utnemnd av kommunen
Jarle Haugland	utnemnd av kommunen
Håvard Haugland	utnemnd av kommunen

### Valkomite:

Jon Line	attval	2 år
Sveinung Paulsen	ikkje på val	1 år igjen
Kathrine Haugland	ikkje på val	1 år igjen

# ÅRSMØTE 2015

Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad forsamlingshus  
mandag 2. mars kl. 20.00

## 18 stk. møte

### Sakliste:

1. Godkjenning av dei med røyserett.  
Alle hadde røyserett.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar.  
Godkjent.
3. Val av:
  - a) møteiar: Eyvind Time
  - b) referent: Karen Hognestad Liland
  - c) to representantar til å skrive under møteprotokollen: Jon Line og Sveinung Paulsen.
4. Årsmelding: Karen las opp rapport frå styret, Hege fortalte litt om kva som har skjedd i turnen dette året bl.a at me vil satsa på å ha ein konkurransetropp. Me er glade for dei unge trenarane både i turn og fotball. Inger Marie fortalte frå fotballen. Nye drakter er på plass. Heimesida blir brukt aktivt, særleg fotballen brukar denne aktivt. Kristian, Sveinung og Jon drøste lett om innebandyen. Zofia snakka om idrettsmerket, der var det litt dårleg oppmøte. Kanskje me kan få fleire til å delta på dette? Me må gjere noko med grasbanen. Det er veldig dårleg drenering. Kalla inn til dugnad i vår? Få fleire med å gå marsj, særleg Lykkemarsjen. Kristian snakka om huset. Alle kan leige det, du får det du ser, men det fungerer bra. Eyvind oppsummerte årsmeldinga. Feil i årsmelding: tidspunktet for årsmøte er feil og under bilete av gutar og jenter 7 manglar namnet til Semb Josef Fosse Karlsen og Johan Laland. Årsmeldinga er godkjent.
5. Rekneskap. Lisa la fram rekneskapet. Idrettslaget har eit overskot på 183 981 kr. Godkjent. I årsmøtereferatet i fjor stod det at HIL hadde eit overskot på 538 838 kr. Det stemmer ikkje. Det var feil i årsmøtereferatet. Overskotet i fjor var på 184 184 kr.
6. Innkomne saker:
  - Endringar av organisasjonsplanen til HIL. Ny organisasjonsplan godkjent.
  - Bygging av nytt forsamlingshus/ klubbhus. Godkjent at prosessen blir sett i gang.
7. Kontingent. Forslag at me aukar kontingenten med 50 kr på kvar post, 100 kr for støtte medlemmar. Styremedlemmar og trenarar betalar vanleg kontingent og får beløpet att som kompensasjon, avgrensa opp mot kontingent. Godkjent.
8. Budsjett. Lisa orienterte. Godkjent.
9. Organisasjonsplan. Godkjent.
10. Val. Jon Line la fram valkomiteen si innstilling. Desse blei klappa inn: sjå under verv. Grunna auka myndigheitskrav frå myndighetene er det nødvendig å sikre god kvalitet på rekneskapet. På årsmøtet blei Jon Laland nemnt kandidat til vervet,




han takka ja då valkomiteen ringte. Odd Grødem går difor ut, HIL takkar for god hjelp i åra han var med. Kathrine Haugland blei klappa inn som tredje medlem av valkomiteen.

11. Eventuelt. Me fekk innspel om at det ikkje er bra at Anne Brit Ree leiger ut hallen til kaninutstilling pga hygiene og allergi. Idrettslaget ønskjer ikkje utleige til dette føremålet.

**Diverse:**

Styret delte ut blomar til dei som gjekk ut av styret; Kristian Hognestad, Bjørn Erga og Torbjørn Jess. Tusen takk for god innsats.

Ref. Karen



*\*Alveland\**  
BUNADER

*Alveland\**  
4340 Bryne  
Telefon: 51 48 75 15  
[www.alveland.info](http://www.alveland.info)



reime  
&lode



Elektrofag Jæren  
Autorisert elektroentreprenør  
En god kontakt på Jæren



Bohus®


**FORTSETTANDE EKSTRAORDINÆRT OG ÅRSMØTE 2015**  
Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad forsamlingshus  
torsdag 2. juni kl. 20.00

**20 stk. møtte**

**Sakliste:**

1. Godkjenning av dei med røysterett.  
Alle hadde røysterett.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar.  
Godkjent.
3. Val av:  
a) møteleiar: Eyvind Time  
b) referent: Karen Hognestad Liland  
c) to representantar til å skrive under møteprotokollen: Kristian Hognestad og Jon Garman Laland .
4. Rekneskapet. Lisa orienterte. Grunna manglande underskrifter frå revisorar må jmf. Idrettsforbundet gjennomføra ei fortsetting frå forrige årsmøte for å få ei endeleg godkjenning av rekneskapet.  
Ingen kommentarar frå fortsettande - årsmøte rekneskap godkjent.
5. Konseptet – forslaget – teikningane – godkjent. 13 for ingen mot.
6. Investeringsbudsjett – 13 for, ingen mot.

Ref. Karen



**ØVESTAD A.S**

BETONGENT REPREN Ø R  
Postboks 22, 4367 Nærbo  
Tlf. 911 13 493

Jærprint AS, Vardheiveien 60, 4340 Bryne  
Tlf. 952 99 844 - trykkeri@jprint.no

Din lokale samarbeidspartner  
på trykksaker og reklamematriell



JÆREN  
**S**portssenter



## **EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 2015**

**Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad forsamlingshus  
sundag 6/12-2015 kl. 20.00**

**33 stk. møtte + 5 frå styret.**

### **Sakliste:**

1. *Godkjenning av dei med røysterett.*  
- godkjent.

2. *Godkjenning av innkalling, sakliste og møteregjar.*  
- godkjent.

3. *Val av:*

a) *møteleiar:* Eyvind Time

b) *referent:* Karen Hognestad Liland

c) *to representantar til å skrive under møteprotokollen:* Kristian Hognestad og Jon Garman Laland .

4. *Avvik frå 2 vekers regelen.*  
- godkjent.

5. Eyvind gjekk gjennom presentasjonen me hadde for politikarane.

6. *Val av tellekorps for skriftlig avstemning.*  
Jon Line og Sveinung Paulsen.

*A: Godta formannskapet sitt forslag:*

*For:* Klubben får alle inntekter frå anlegg/ klubbhus. Me har sjølv alle muligheiter med oppgraderingar/ endringar.

*Mot:* Det er ganske kraftig auke frå dagens "litle HIL" med nødvendig inntekt på ca 600 000,- til ca 1 000 000,- Dette blir ei kjempeutfordring dei neste 10-20 åra.  
Usikkerheit angående framtidig støtte.

34 stemmer for dette.

*B: Vente til kommunen står som eigar:*

*For:* Hognestad IL fortset som i dag, lita omsetning  
Ingen finansiell risiko.

*Mot:* Møter sannsynlig dagens tilbod om 2 år.  
Usikkerheit angående framtidig støtte.  
Usikkerheit om det nokon gong blir klubbhus.

3 stemmer for dette.

8. Avstemming

Me går vidare som framtidig eigar av idrettsanlegget og bygger klubbhus.

Ref. Karen

